

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 12.03.2025

Vår ref.: 202506739-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til fråvik frå manøvreringsreglementet ved Åsvatn i Høyangervassdraget i Høyanger kommune, Vestland fylke

NVE har fått inn ein søknad frå Statkraft Energi AS om løyve til å fråvika manøvreringsreglementet for reguleringar i Høyangervassdraget, og senka magasin Åsvatn inntil 1,5 m under LRV. Dette er planlagt på inntil 5 dagar i perioden 05.05.2025 – 20.06.2025.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er naudsynt. Søknaden om mellombels løyve vert difor berre send på høyring til Høyanger kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

Kva det vert søkt om

NVE har fått inn ein søknad frå Statkraft Energi AS, datert 11.03.2025, om løyve til å fråvika manøvreringsreglementet ved Åsvatn i Høyangervassdraget i Høyanger kommune. Åsvatn vert regulert mellom høgaste regulerte vasstand (HRV) på kote 655,5, og lågaste regulerte vasstand (LRV) på kote 642,5. Gjeldande manøvreringsreglementet for Åsvatn er gjeve i Kgl. res. av 19.12.2008.

Statkraft Energi AS skal i gong med å rehabilitere luka ved Åsvatn. I samband med rehabiliteringa skal det gjennomførast undersøkingar og inspeksjonar på inntaksarrangementet, og det vert difor søkt om å senka magasinet 1,5 m under LRV. Statkraft Energi AS ynskjer å fråvike manøvreringsreglementet på inntil 5 dagar i perioden 05.05.2025 – 20.06.2025, og grunngjev valet av tidspunkt med at magasinet allereie er lågt, og oppfylling av naturleg tilsig skjer relativt raskt. Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9623/V.

Kva me ynskjer fråsegn om

NVE ynskjer tilbakemeldingar knytt til momenta i søknaden. Me ynskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessantar som bør få høve til å uttala seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn



Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til htjo@nve.no . Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202506739 i emnefeltet.

Frist for innsending av høyringsfråsegn er:

16.04.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom uttalen er lang, er det ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Hanne Tjoflot
førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutinar

Mottakarliste:

HØYANGER KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS - MARI LANGEHAUG